



Kommunal- og distriktsdepartementet  
Postboks 8112 Dep.  
0032 OSLO

Vår dato:  
11.06.2024

Vår ref:  
2024/4113

Deres dato:  
13.03.2024

Deres ref:  
24/1198

Kontakt saksbehandler  
Marita Skorpe Falnes, 51568894

## Fråsegn - høyring forslag til nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

Vi syner til brev av 13.03.2024 om høyring av forslag til nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.

**Statsforvaltaren i Rogaland har innspel til forslaget basert på dei nasjonale føringane vi normalt er sett til å ta i vare i regional og kommunal planlegging etter plan- og bygningsloven, og ut i frå våre erfaringar med regional og kommunal planlegging i Rogaland.**

Brei og samordna samfunns- og arealplanlegging er avgjerande for berekraftig arealbruk og mobilitet framover. Derfor støttar vi at retningslinja har fått eit breiare fokus, der fleire viktige omsyn er tatt inn som tema. Vi ser likevel ikkje at retningslinja gir tilstrekkeleg tydelege føringar for å ivareta alle desse omsyna i den regionale og kommunale planlegginga. Når mange omsyn skal takast i vare, må det og vere føringar for korleis desse skal vegast mot kvarandre, og kva krav som blir stilt til grunngjeving og alternativvurderingar. For svake formuleringar, og mykje bruk av ordet «bør», framfor «skal» eller «må» gir og stort rom for tolking.

Vi saknar vidare eit større fokus på regional planlegging som viktig verkemiddel for å handtere spørsmål og problemstillinger på tvers av kommunegrensene, og meiner at den geografiske differensieringa som er føreslått treff dårlig for Rogaland. Regional planlegging bør framleis vere det viktigaste verktøyet for å sikre ei differensiert arealutvikling i fylket. Viss den geografiske differensieringa skal gå fram av dei statlege planretningslinjene må det gjerast endringar slik at inndelinga og differensieringa i retningslinja treff betre med dei faktiske forholda og behova.

Det er positivt at samfunnstryggleik, beredskap og naturfare er tatt inn som eit eige tema. Dette er eit område som vi lenge har hatt fokus på i våre fråsegn til kommunale planar i Rogaland. Vi saknar her eit breiare fokus, og vil peike på at endringar i den tryggleikspolitiske situasjonen i Europa inneber større forventningar til heilskapleg planlegging som og sikrar totalberedskapen for landet.



## Bakgrunn

Føremålet med dei nye planretningslinjene er å oppnå ei samordna og berekraftig bustad-, areal- og transportplanlegging. Planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige byar og lokalsamfunn, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Planlegginga skal samtidig bidra til reduserte klimagassutslepp, ta i vare kulturmiljø og hindre at dyrka mark, natur-, villrein- og friluftsområde og karbonrike areal blir bygd ned. Kompakt og effektiv arealbruk som legg til rette for gode mobilitetsløysingar, redusert transportbehov og redusert tap av naturmangfald, dyrka mark og friluftsområde blir og trekt fram. I den nye retningslinja er det generelle retningslinjer for heile landet i kapittel 3, medan det er føreslått ei differensiering mellom kommunar med store byområde med retningslinjer i kapittel 4 og kommunar utan store byområde i kapittel 5.

Soneinndelinga går fram av kart og tabell.

Dei nye statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet (SPR-AMOB) skal erstatte gjeldande statlege planretningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (SPR-BATP). Revidert statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (SPR-klima) er på høyring parallelt med høyringen av SPR-AMOB.

SPR-BATP blei evaluert i 2022, på oppdrag frå kommunal- og distriktsdepartementet (KDD). Eit av funna var at SPR-BATP fungerte godt for fagleg bevisstgjering, men middels godt som styrings- og prosessverktøy i forvaltninga sin praksis. Det blei mellom anna peikt på at retningslinja ikkje var tydeleg nok på dei nasjonale omsyna, og dermed heller ikkje gav tydelege nok rammer for kva som var det lokale handlingsrommet.

Det blir slått fast i kapittel 1 om føremål at regional og kommunal planlegging er viktige verkemiddel for å følgje opp berekraftsmåla og Nores sine nasjonale og internasjonale forpliktingar på klima- og miljøområdet. Vi ser særleg Parisavtalen, Montrealavtalen og Regjeringa sine forventningar til regional og kommunal planlegging som viktige å følgje opp gjennom den nye SPR-AMOB.

## Kompakt by- og tettstadsutvikling og regional samhandling

Gjeldande SPR-BATP har vore viktig for samfunns- og arealplanlegginga i Rogaland. Retningslinja har vore nytta som grunnlag for utarbeiding og forankring av regionale areal- og transportplanar, og som retningslinje for utarbeiding av kommuneplanar og reguleringsplanar.

Rogaland har over lang tid opplevd press på utbygging i område med viktige nasjonale verdiar knytt til både landbruk og jordvern, naturverdiar, kulturmiljø m.m. Eit utbyggingsmønster som tradisjonelt har vore relativt spreidd har og ført til høgt transportarbeid og press på infrastrukturen. Brei og samordna samfunns- og arealplanlegging er avgjeraande for berekraftig arealbruk og mobilitet framover. Derfor støttar vi at retningslinja har fått eit breiare fokus, der fleire viktige omsyn er tatt inn som tema. Vi ser likevel ikkje at retningslinja gir tilstrekkeleg tydelege føringar for å ivareta alle desse omsyna i den regionale og kommunale planlegginga, og det kjem heller ikkje tydeleg fram kva som skal vege tyngst av alle dei omsyna som er omtalt. Ei anna utfordring når det er gitt føringar på mange ulike tema, er at opplistinga kan opplevast som uttømmande. Vi saknar mellom anna vasskvalitet og barn og unge som eigne tema.

Vi har god erfaring med regional planlegging i Rogaland, og opplever at dei regionale areal- og transportplanane i fylket både bidreg til god dialog på tvers av kommunar, og ei regionalt samordna arealplanlegging som betre tek i vare viktige nasjonale og regionale omsyn. I forslaget til ny planretningslinje er det fleire stader peikt på interkommunal plan som eit alternativ til regionale planar.



Vi vil understreke at vi ser regionale planar som eit betre verktøy for å ta overordna omsyn enn det interkommunale planar ofte blir. I ein regionalplan er det regionale perspektivet utgangspunktet for planlegginga, mens i interkommunale planar blir resultatet oftare ein samanstilling av dei ulike lokal-politiske ønska. Vi meiner derfor at SPR-AMOB først og fremst bør peike på regionalplanar som verktøy for å løyse regionale spørsmål og problemstillingar.

Det er positivt at forslag til den nye retningslinja framhevar at bustader, næringsverksemder, arbeidsplassar, handel- og tenestetilbod skal lokaliserast slik at dei bidreg til å styrke stadenes kvalitet, skape møteplassar og bygge opp under sentrumsfunksjonane, jf. pkt. 3.2, og at planlegginga skal bidra til gode bummiljø for alle, jf. pkt. 3.4.

Omsynet til overordna grønstruktur, jf. pkt. 4.7 i gjeldande SPR-BATP, er derimot ikkje vidareført i forslag til nye retningslinjer. Omsynet til den overordna grønstrukturen bør framleis synleggjeraast i retningslinja, då den har mange viktige funksjonar i byar og tettstader, både som område for fordryging og overvasshandtering, rekreasjonslement for beboarar, vandringskorridor for biologisk mangfald, og ofte som grøne og attraktive korridorar som fremmer bruk av sykkel og gonge som transportmiddel. Vi syner til [NIBIO sitt nye nasjonale kart for grønstruktur](#) som saman med andre temakart og naturbase kan vere gode grunnlag for arealplanlegging og utarbeiding av regionale og kommunale planar for grønstruktur, friluftsliv, overvasshandtering m.m.

I eit klima- og miljøperspektiv støtter vi føringane i forslaget til den nye retningslinja om at moglegheit for ombruk og gjenbruk av eksisterande bygningar og fellesskapsløysingar skal vurderast, at det er gitt føringar om utarbeiding av arealrekneskap, og at mål, tiltak og verkemidlar fastsett av kommunen i tråd med statlege planretningslinjer for klima og energi skal leggast til grunn for planlegginga.

Då den gjeldande SPR-BATP blei evaluert, var ei av anbefalingane at det burde vere eit krav at den statlege planretningslinja skulle nedfellast i regional eller interkommunal plan. Dette kan vi ikkje sjå er innarbeida i forslaget som no er på høyring. Vår erfaring med regionale areal- og transportplanar er at dei er veldig viktige for å sikre ei samordna planlegging på regionalt nivå, og vi kunne gjerne sett at tydelegare krav om regional eller interkommunal forankring av den statlege planretningslinja var innarbeidd i forslaget til ny statleg planretningslinje.

## Geografisk differensiering

Det er føreslått ei kartfesta differensiering mellom regionar med større byar og regionar med små og mellomstore byar, bygdebyar og småsentre. Kapittel 4 i retningslinja gjeld berre for regionar med større byar, og kapittel 5 gjeld berre for regionar med små og mellomstore byar, bygdebyar og småsentre. Resten av retningslinja skal gjelde likt for heile landet.

Som nemnt har Rogaland hatt eit spreidd utbyggingsmønster, og dette har og vore tilfelle i relativt sentrale område. Vi opplever at gjeldande SPR-BATP har bidrege til å gje ei tydeleg retning mot utvikling av kompakte og arealeffektive tettstader i heile fylket. Slik bør det fortsette å vere, og vi er med dette som bakgrunn skeptiske til den inndelinga som er føreslått for kommunane i Rogaland. Byvekst langs eksisterande og planlagde kollektivaksar og ved knutepunkt, og fortetting inn mot tettstader, må prioriterast i heile fylket. Dette krev langsiktig planlegging, god lokal samordning og bruk av gode regionale areal- og transportplanar. Viss det skal oppretthaldast ei differensiering i ny SPR-AMOB er vår oppfatning at denne differensieringa bør fastsettast på regionalt nivå, gjennom regionale planar, framfor i ei statleg planretningslinje. Alternativt må differensieringa endrast, jf. våre argument under. Då må det vurderast om det er tilstrekkeleg med to nivå.



Slik inndelinga no er vist i Rogaland er vi vidare svært skeptiske til formuleringa i pkt. 5.1 om at «*/ kommuneplanens arealdel kan det innenfor rammene av kapittel 3 legges til rette for spredt boligbygging i områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsformål.*» Vi kan ha ei viss forståing for ei slik retningslinje i klart spreidd bygde område, men som vi har peikt på ovanfor, har Rogaland fleire kommunar med høgt utbyggingspress og tydeleg definerte byar og tettstader som er omfatta av denne retningslinja, men som ikkje har utfordringar med busetting. Å praktisere ei slik retningslinje i desse kommunane vil få svært uheldige verknader for jordvern og varetaking av naturområde.

Fleire av føringane som ligg i kapittel 4 er det og gitt uttrykk for i kapittel 3, til dømes at samordning av utbygging og transportbehov skal leggast til grunn for å oppå effektive løysingar, reduksjon av transportarbeidet og tilrettelegging for bruk av kollektivtransport, sykkel og gonge. Kollektivknutepunkt og tilrettelegging for framkomme for kollektivtransport er nemnt spesifikt for regionane med større byar. Vi vil understreke at vi har fleire kommunar i Rogaland som har viktige kollektivknutepunkt, relativt høgt press på utbygging utanfor og i utkanten av tettstader, og eit transportmønster som gir press på infrastrukturen i storbyregionane, som ikkje er omfatta av retningslinjene i kapittel 4. Dette gjeld til dømes Hå kommune på Sør-Jæren, med fleire stasjonsbyar langs Jærbanen, og Gjesdal kommune med Ålgård som ein klart definert tettstad med relativt god kollektivdekning inn mot storbyområdet rundt Stavanger og Sandnes. Med opning av Ryfylketunnelen (Ryfast) i 2019 er og Strand ein kommune som er tett knytt opp mot storbyregionen på Nord-Jæren. Samstundes har kommunenesamanslåinga i 2020 ført til at kommunar som Stavanger og Sandnes, som er omfatta av kapittel 4, og har areal som inngår i dei minst sentrale områda i heile fylket, slik som Forsand i Sandnes kommune og Ombo i Stavanger kommune.

Føringane i kapittel 5, som berre gjeld for regionar med små og mellomstore byar, bygdebyar og småsentre, legg særleg vekt på kvalitet og attraktive stader og lokalsamfunn, og vurdering av korleis enkeltbygningar, gater, kulturmiljø, grøntområde og møteplassar kan ha betydning for stadtidentitet og bidra til attraktivitet og eit levedyktig lokalsamfunn. Det er og nemnd særskilt at fleirfunksjonelle bygg skal vurderast i desse områda. Dette er retningslinjer som og kan vere aktuelle i store byar.

Når kapittel 3 uansett skal gjelde i heile landet, kapittel 4 ikkje gir vesentleg strengare føringar for storbyområda, og kapittel 5 vektlegg omsyn som og bør vegast inn i planlegginga i storbyområda, er vi usikre på kva positive verknader den geografiske differensieringa vil gi. Om differensieringa blir ståande slik den er føreslått, vil vi uansett måtte vurdere kvar einskild sak ut frå lokale forhold, like mykje som ut frå føringane i SPR-AMOB, då den geografiske differensieringa for fleire kommunar som nemnt ikkje passar med dei faktiske forholda.

## Jordvern

Dyrka jord er ein ikkje-fornybar ressurs av nasjonal interesse. Matjorda blir forvalta av alle dei 357 kommunane i landet. Samordna og berekraftig arealplanlegging på tvers av forvaltningsnivå, er særleg viktig for å sikre nasjonale jordverninteresser. Nasjonal jordvernpolitikk er tydeleggjort og innskjerpa fleire gonger dei siste åra. Produksjonsgrunnlaget må sikrast for å nå målet om auka sjølvforsyning, særleg den beste matjorda i dei beste klimasonene. Dette må operasjonaliserast gjennom den statlege planretningslinja. Dei beste jordbruksareaala ligg ofte i pressområde der veksten skjer.

Då gjeldande SPR-BATP blei evaluert, var ei av anbefalingane at strengare formuleringar om jordvern burde kombinerast med å stille strengare krav til dokumentasjon av behov for nye utbyggingsareal. I forslaget til ny SPR-AMOB er det tatt inn at det bør utarbeidast arealrekneskap. Denne føringa må



skjerpast, og stillast som eit krav for alle overordna kommunale arealplanar. Vi støttar anbefalinga frå evalueringa om at veg- og jernbanestyresmaktene bør få føringar gjennom planretningslinja om å vurdere standard og hastigkeit for nye infrastrukturprosjekt opp mot konsekvensane av arealbruken, og anbefaler at ei slik retningslinje blir tatt inn i den endelige SPR-en.

### **Langsiktig grense**

Punkt 7.1 stadfestar (med referanse til regionale eller interkommunale planar for utbyggingsmønster og transportsystem) at «*Planene bør trekke langsiktige grenser mellom by- og tettstedsområder og store sammenhengende landbruks-, natur- og friluftsområder samt områder til reindrift.*» Dette er ei vidareføring av innhald i punkt 4.1 i gjeldande SPR-BATP. I Rogaland har vi denne type langsiktige grenser i regionale planar, og mange kommunar har og vidareført dei i sine kommunale planar. Det finns ikkje ei eiga juridisk linje i høve SOSI-standarden som kan nyttast til dette formålet på kommuneplannivå, og vi har ved fleire anledningar etterlyst dette, sist i vår fråsegn til høyring av endringar i kart- og planforskrifta no i vår.

### **Naturmangfald**

I Noreg har vi eit mål om at ingen artar eller naturtypar skal forsvinne, og at vi skal verne ein representativ del av den norske naturen for framtidige generasjonar, jf. naturmangfaldlova. Dette har og blitt meir aktuelt etter at Noreg, saman med 195 andre land, skreiv under på Naturavtalen i Montreal i 2022. Eit av måla i høve avtalen er å verne 30 % av all natur på land og i vann innan 2030. Vidare har FN erklært 2021-2030 som tiåret for restaurering av natur. Restaurering av økosystem har som mål å forhindre, stoppe og reversere svekkinga av økosystem på alle kontinent og i alle hav. Naturavtalen peikar og på kor viktig det no er å restaurere meir natur, og har sett som mål å restaurere 30 % av dei forringa økosistema innan 2030.

Omsynet til viktige naturområde er mykje tydelegare i forslaget til ny SPR-AMOB enn i den gjeldande SPR-BATP. Vi saknar likevel noko tydelegare føringar om korleis fylkeskommunane og kommunane skal følgje opp forpliktingane i naturavtalen gjennom arealplanlegginga si. Dette er føringar som kanskje særleg er aktuelle som tema for regionale planar, då samanhengande naturområde ofte går på tvers av kommunegrensene. Vi vil og uttrykke eit ønske om at det får nasjonalt hald blir sett eit naturvernål, på lik linje som det nasjonale jordvernållet vi har i dag. Eit slikt mål vil gi all natur eit sterkare vern, og vil redusera takten i omdisponeringa av naturområde til byggeområde. Ein start på eit slikt arbeid kunne vore at ny SPR-AMOB gav retningslinjer om fastsetting av regionale naturvernål i regionale planar.

### **Fritidsbustader**

Fritidsbustader står for ein stor del av arealbruken i Noreg, og legg særleg beslag på område som og er viktige for naturmangfald og friluftsliv, og i mange tilfelle i sårbare landskap eller i område som og er i bruk til beite. Det er derfor positivt at fritidsbustader er tatt inn som eit eige punkt i retningslinja, og at det er omtala som eit tema som bør fastsettast i regionale eller interkommunale planar.

Retningslinja er formulert slik at den er tydeleg tilpassa fritidsbustader i fjellområda. Strandsona og andre område kor det er aktuelt med fritidsbustader er ikkje nemnt. I Rogaland og fleire andre fylke, ligg ein stor del av fritidsbustadene til sjø, og presset på utviding av eksisterande og avsetting av nye område til fritidsbustader langs sjøen er stort. Strandsona har eit særleg vern mot utbygging, jf. pbl. § 1-8. Vidare gjeld statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona (SPR-strandsone) for slike område. Det er derfor fornuftig at fritidsbustader i strandsona ikkje blir omfatta av føringar i ny SPR-AMOB. Dette bør tydeleggjera i retningslinja.



Vi støttar at det er presisert at utviklinga av nye område til fritidsbustader må sjåast i samanheng med behovet for ny infrastruktur og tenestetilbod. Dette er følgjeverknader som ofte kan kome seint inn i planprosessar, men som burde vore vurdert når kommunen avgjer om dei skal legge arealet inn som utbyggingsområde i kommuneplanen eller ikkje. Ei slik formulering bør og vurderast tatt inn ved ei eventuell framtidig revisjon av SPR-strandsone. I slike område ser vi og at det ofte følgjer med ønske om store tiltak ut over sjølve fritidsbustadene, som naust, brygger og småbåtanlegg.

Setninga i pkt. 3.5 som seier at «*Det bør kunne tillates mindre, enkeltstående bygg tilpasset omgivelsene, basert på eksisterende bruk av eiendommen, i tilknytning til eksisterende bygg, og som ikke utløser behov for ny infrastruktur*» bør takast ut av retningslinja. Dette er forhold som vil styrast av den einskilde reguleringsplan eller kommuneplan. Vi oppfattar formuleringa til å vere direkte i strid med byggje-forbodet i strandsona, jf. plan- og bygningslova § 1-8, LNF-føremålet, kor mange eldre fritidsbustader er lokalisert, og i stor konflikt med føringar som elles blir gitt for nye tiltak i til dømes viktige villreinområde. Det kan og vere gode grunnar for at ein ikkje bør tillate slike enkeltståande bygg i område med stort utbyggingspress elles, slik som landskapsverknad og påverknad på friluftsbruken i området. Vi meiner at denne formuleringa må tas ut av retningslinja.

Når det gjeld formuleringa om bygging på myr, ser vi at denne skal sjåast i samanheng med endeleg utfall av Miljødirektoratet sitt forslag til forbod mot bygging på myr. Ut frå omsynet til klima og biologisk mangfold må formuleringa styrkast. Slik det no står, er det ikkje noko krav om å unngå fritidsbustader på myr, men det bør gjerast. Miljødirektoratet sitt forslag til forbod mot bygging på myr, inneber at det skal kunne vurderast dispensasjonar frå forbodet for samfunnskritiske funksjonar. Bygging av fritidsbustader er ikkje ein samfunnskritisk funksjon. Vidare gir formuleringa inntrykk av at punktet berre gjeld for nye eller utvida område for fritidsbustader i fjellområda. Vi legg til grunn at dette ikkje er intensjonen, og ber om at formuleringa blir endra slik at føringar for bygging av fritidsbustader på myr og gjeld andre stader. Her viser vi og til punkt 3.10 i forslaget til den nye retningslinja, som seier at det skal takast omsyn til mellom anna karbonrike areal, og til forslag om endringar i SPR-klima som og er på høyring no. I forslaget til endra SPR-klima går det tydeleg fram i punkt 4.3 c) at «*Planmyndigheten skal ha oversikt over hvilke arealer som er betydelige karbonlagre. Omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, skal unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes. Alternative arealer skal vurderes, og konsekvenser skal blyses. Areal- og naturregnskap som verktøy bør vurderes.*» Både punkt 3.10 i forslag til SPR-AMOB og punkt 4.3 c) i forslag til SPR-klima gjeld for alle typar område, og for alle utbyggingsføremål. Dei to planretningslinjene må vere samkøyrt, både seg i mellom og internt i retningslinja.

## **Universell utforming, implementering av CRPD i kommunal planlegging og omsyn til barn og unge**

Universell utforming er nemnt i punkt 3.15, og det er lagt vekt på at planlegginga skal skape like moglegheiter for deltaking i samfunnet for alle. Dette er i tråd med intensjonane i FN sin konvensjon om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD), og det er bra at dette perspektivet er kome med i forslaget til ny SPR.

Vidare viser vi til at omsynet til barn og unge må vegast tungt i planlegginga. Barnet sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn ved alle handlingar som råkar eller angår barn. I kommunane si arealplanlegging kan dette vere relevant ved til dømes omdisponering av grønstruktur og område som er i bruk til leik. Dette omsynet går ikkje fram av forslag til ny SPR-AMOB. Som eit minimum meiner vi at når retningslinja tar for seg så mange omsyn elles, kunne det og vore vist til at omsynet til barn og unge må takast i vare, i tråd med rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging.



## Samfunnstryggleik og beredskap

Det er positivt at samfunnstryggleik, beredskap og naturfare er tatt inn som eit eige tema. Dette er eit område som vi lenge har hatt fokus på i våre fråsegn til kommunale planar i Rogaland.

Punkt 3.11 om samfunnstryggleik, beredskap og naturfare stadfestar i siste setning at «*For å imøtekomme klimaendringer og ekstremvær bør større utbygginger i områder med dårlige grunnforhold og/eller flom- og skredfare unngås.*» Vi gjer merksam på at denne formuleringa er svakare enn det som går fram av lovverket. Jf. plan- og bygningslova § 28-1 skal grunn berre byggast på viss det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følge av natur- elle miljøforhold. Sikrings tiltak ved utbygging kan gi sikker byggegrunn i område som et vist som aktsemeldsområde for flaum eller skred. Viss intensjonen med denne retningslinja er å sikre at kommunane avklarar reell fare tidleg i planlegginga og ikkje legg ut område som faktisk krev store sikringstiltak for å kunne byggast ut, må formuleringa endrast. I utgangspunktet vil det uansett vere betre å bygge i område som ikkje krev sikringstiltak, då desse tiltaka alltid vil ha ein kostnad, og effekten av dei kan svekkast over tid med framtidige klimaendringar m.m.

Punkt 6.7 stadfester at «*Helhetlig ROS skal legges til grunn for komuneplanarbeidet. ROS-analyse på fylkesnivå bør legges til grunn for samfunssikkerhet i det regionale planarbeidet.*» Kravet om å legge heilskapleg ROS til grunn for komuneplanarbeidet går og fram av sivilbeskyttelseslova § 14 andre ledd, og er sånn sett overflødig i ei planretningslinje. Det er og noko uheldig at den regionale ROS-analysa berre bør leggast til grunn for det regionale planarbeidet. Fylkeskommunen bør og få klare forventningar om å ta omsyn til risiko og sårbarheit i si planlegging.

Vidare vil vi peike på at endringar i den tryggleikspolitiske situasjonen i Europa inneber større forventningar til heilskapleg planlegging som og sikrar totalberedskapen for landet. Den nye langtidsplanen for forsvarssektoren 2025-2036 (Prop. 87 S (2023-2024)) og totalberedskapskommisjonen sitt pågående arbeid vil kunne avdekke føringar som bør takast inn i SPR-AMOB. Det bør derfor leggast opp til ei snarleg revisjon av retningslinja viss det visar seg å bli eit behov for det.

## Avveging av omsyn og tydelege føringar

Som tidlegare nemnt er det positivt at forslaget til ny retningslinje har eit breiare fokus. Utfordringa når det er gitt føringar på mange ulike tema, er at avveging av kva som skal vegast tyngst i endeleg utforming av planane blir lite tydeleg. At retningslinja burde gi tydelegare føringar for avveging av dei ulike omsyna, var og ei anbefaling frå evaluering av gjeldande SPR-BATP. Evalueringa stadfesta at tydelegheit burde prioriterast framfor fleksibilitet.

Ei tydeleg statleg planretningslinje vil kunne bidra til meir effektive og føreseielege planprosessar. Forslaget til ny retningslinje oppfattar vi dessverre som eit mykje svakare styringsdokument enn gjeldande SPR-BATP. Mange retningslinjer har «bør»-formuleringar, der det kunne og burde vore brukt «skal»-formuleringar. Det er heller ikkje stilt krav til dokumentasjon eller grunngjeving for å ikkje følgje opp retningslinjer. Vi viser her til formuleringa i kapittel 4.3 i statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing om at når naturbaserte løysingar for overvass-handtering er valt vekk, skal dette grunngjevast. Tilsvarande formuleringar kunne vore nytta for fleire tema i forslaget til ny statleg planretningslinje for arealbruk og mobilitet. Eit krav om grunngjeving vil «tvinge fram» vurderingar av ulike alternativ, og dermed gje kommunen eit betre grunnlag for å ta avgjerder. Det vil og gi høyringspartar med motsegnskompetanse eit godt grunnlag for å vurdere om det ligg føre grunnlag for å fremme motsegn eller ikkje.



Under har vi nokre innspel til konkrete formuleringar som vi meiner bør styrkast.

Punkt 3.1 seier mellom anna at «*Hovedtyngden av boliger og fritidsboliger, handel, tjenester og arbeidsplass- og besøksintensive virksomheter bør lokaliseres i tråd med dette. Nye utbyggingsområder bør lokaliseres med tanke på å minimere transportbehovet, legge til rette for kollektivtransport, sykkel og gange og for å utnytte og ta vare på eksisterende bygninger og infrastruktur der dette finnes.*» Her meiner vi at formuleringa må vere at hovudtyngda skal lokalisera i tråd med retningslinja, og at nye utbyggingsområde skal lokalisera med tanke på å minimere transportbehovet og legge til rette for kollektivtransport, sykkel og gange. Sjølv med ei slik formulering vil det vere anledning for kommunar å lokalisere noko utbygging utanfor område som er i tråd med føringane elles.

Punkt 3.2 om at «*Fortetting og transformasjon av bolig- og næringsområder skal vurderes og bør utnyttes før nye utbyggingsområder settes av og tas i bruk*» stiller krav til vurderingar som kommunen skal gjere, men ikkje at dei i praksis må følgje dette opp i arealplanlegginga si. Det er positivt at det er sett eit eksplisitt krav om at potensialet for fortetting og transformasjon skal vurderast, men det er ein svakheit at det ikkje er eit krav at potensialet skal nyttast før nye utbyggingsområde blir sett av og tatt i bruk. Tilsvارande føring er gitt for bustader i punkt 3.4, fritidsbustader i punkt 3.5, jordvern i punkt 3.9 og klima, naturmangfald og friluftsliv i punkt 3.10, med same formuleringar. Vi viser her til anbefalinga vår over, om at slike retningslinjer som eit minimum må supplerast med krav om grunngjeving for kvifor potensialet ikkje blir nyttat før nye utbyggingsområde blir sett av og tatt i bruk. I tråd med føringane i forslag til ny SPR-klima, punkt 4.3 c) bør det og krevjast alternativvurdering før kommunane tar i bruk nye område,

Punkt 3.3 om handel og tenester har tatt inn nye føringar om rett verksemد på rett stad. Dette er føringar og formuleringar som vi kjenner igjen frå regionale planar her i fylket. Formuleringa er nyttig som ei peikepinn når kommunane skal vurdere bruken av nye og eksisterande næringsområde, og vi støttar at denne er tatt inn i retningslinja. I gjeldande SPR-BATP er det vist til at «*Det skal legges til rette for at handelsvirksomhet og andre publikumsrettede private og offentlige tjenestetilbud kan lokaliseres ut fra en regional helhetsvurdering tilpasset eksisterende og planlagt senterstruktur og kollektivknutepunkter*». I forslag til ny retningslinje er det regionale perspektivet tona ned, og skal er endra til bør. Vi meiner den regionale tankegangen må vidareføra, då regional samordning er ein viktig føresetnad for gode heilsaksløysingar.

Punkt 3.6 om næring og industri seier at «*Det skal tas hensyn til næringss- og industrivirksomheters arealbehov og samfunnets samlede behov for verdiskaping*» utan at det er sagt noko om korleis denne føringa skal vegast opp mot alle føringane som har til hensikt å bevare og verne om viktige verdiar. Det må her stadfesta at næringsutviklinga skal skje innanfor dei rammene som retningslinja gir, og at ombruk og transformasjon av allereie nedbygde areal skal prioriterast framfor avsetting av nye areal. Til dømes har dokument som *Veikart 2.0: Grønt industriløft og Norges batteristrategi* mykje tydelegare føringar om at utvikling av næringsområde må ta omsyn til viktige natur- og landbruksområde.

I Rogaland er det ganske nyleg utarbeida ein Regionalplan for grøn industri, som har som føremål å styre utviklinga av store næringsområde i eit regionalt perspektiv. Eit tydeleg funn i arbeidet med denne planen var at det finns meir enn nok areal avsett i kommuneplanar til den næringsutviklinga som vi trur kjem. Den største flaskehalsen blei vurdert å vere tilgang på kraft, og til dels anna infrastruktur, då mange av områda ikkje var modne for utbygging. I den regionale planen blei viktigheita av å ta omsyn til viktige natur- og landbruksområde i den vidare planlegginga lagt vekt på, og det er gitt føringar for ivaretaking av desse verdiane. Det blei i tillegg peikt på inter-kommunalt



samarbeid om utvikling av store næringsområde som eit verkemiddel for utvikling med minst mogleg negative konsekvensar.

Punkt 3.8 om villrein seier at «*Fylkeskommuner og kommuner skal i sin arealplanlegging ta nødvendige hensyn slik at villreinområder ikke i særlig grad forringes eller går tapt gjennom arealendringer og nedbygging*». Denne formuleringa er for svak, sett opp mot det store arbeidet som er sett i gang nasjonalt for å sikre og ivareta villrein sine leveområde. Det er ikkje nok at leveområde «ikkje i særleg grad» blir forringa. Vi har forslag om følgjande formulering: «*Leveområda til villrein skal sikrast i arealplanlegginga, og det må stillast krav om heilsakopleg arealforvaltning i villreinfjella. Dette gjeld og i område utanfor villreinområda som påverkar areal som blir brukt av villrein. Det skal vere høg terskel for inngrep i villreinområda, og kvalitetsmåla i kvalitetsnorma skal følgast opp*».

Punkt 3.9 om jordvern seier at «*Jordvern bør være et overordnet hensyn i arealplanleggingen*» og at «*Det bør vurderes å oppheve gamle planer som innebærer omdisponering av dyrka jord, og tilbakeføre arealene til LNFR-formål*». Sett i lys av dei tydelege føringane frå Regjeringa om å redusere tap av dyrka mark og auke mattryleiken, er desse formuleringane for svake. Jordvern må openbart vere eit overordna omsyn i all arealplanlegging. Det at «bør» blir endra til «skal», vil ikkje sei at andre omsyn ikkje kan bli lagt avgjerande vekt på.

Punkta 4.2 og 4.3 i kapittel 4 gir anbefalingar om planlegging og utforming av tiltak for å sikre miljøvenleg mobilitet og utvikling av gode kollektivknutepunkt i storbyområda. Desse punkta har mange gode anbefalingar, men dei er nesten berre gitt i form av «bør»-formuleringar.

Punkt 6.3 og 6.4 handlar om grunnlaget for avgjerder, og følger opp fleire punkt i nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging frå 2023, der «planvask» og opprydding i kommunen sitt planverk har stort fokus. Formuleringar i begge punkta seier at kommunen «bør» utarbeide arealregnskap og «bør» vurdere om tidlegare vedtatt arealbruk er i samsvar med behov og nasjonale og regionale føringar for arealbruk. Formuleringane må styrkast til at kommunen «skal» gjere desse grepa.

I tillegg til at ei slik formulering vil vere i tråd med dei nasjonale forventningane og andre nasjonale føringar, og bidra til å ta i vare matjord, viktige naturområde og karbonrike areal m.m., vil ei slik formulering og gjere planlegginga meir effektiv og føreseieleg. Det er uheldig at mange kommuneplanar har avsett areal til utbygging som kan bli møtt av motsegn av omsyn til nasjonale og regionale interesser i ein reguleringsplanprosess.

Vidare vil vi presisere at eit arealrekneskap ikkje berre vil vere eit reiskap for å redusere nedbygginga av sårbar natur, men og for å hindre nedbygginga av landbruksjord, karbonrike areal og viktige friluftsområde. Forslaget til ny statleg planretningslinje har ikkje nemnt arealnøytralitet, verken som krav eller anbefaling. Ei slik føring bør tas inn i punkt 6.3 eller 6.4.

Med hilsen

Bent Høie (e.f.)  
statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen  
fylkesmiljøvernssjef